



Ullensvang kommune
Opheimsgata 31
5750 Odda

Ullensvang Fjellstyre
Sandvikevegen 11
5780 Kinsarvik

05.09.25

Viser til at NVE har opna vilkårsrevisjon av konsesjonsvilkår for Tyssovassdraget

Ullensvang fjellstyre, som administrerer og forvaltar bruksrettigheter i Ullensvang statsallmenning, vil med dette gje høyringsinnspel.

Tyssovassdraget ligger i stor grad innafor Ullensvang statsallmenning sine grenser.

Generelt vil me nemna at reguleringsmagasina påverkar brukarane i ulik grad.

- Det visuelle landskapsbilete når magasina er nedtappa
- Stor variasjon i vasstand gjør det problematisk med tanke på båt utsett og opptrekk
- Stor variasjon i vasstand forstyrrar og påverkar fiskebestanden negativt
- Stor/rask variasjon i vasstand vinterstid kan skape usikker is i vassdraget
- Store magasin vanskeleggjer forflyting/kryssing av vassdraget generelt sett

Lista er ikkje utøymande

Langavatnet:

Ullensvang fjellstyre har hytte/r ved Langavatnet. Her er det stor variasjon i vasstand. Det kan være problem og vanskeleg å setja båten på vatnet eller ta den opp av vatnet. Det må etablerast eit båtutslepp ved naustet som gjere denne oppgåva enklare enn i dag. Ved hyttene Langavassbui og Båsdalsbu må det etablerast moglegheiter for å kunne gjere båtutslepp/opptrekk mogeleg uavhengig av vasstand.

Tilbakemelding frå brukarane er at fiske i Langavatnet er dårlig. Kvaliteten er dårlig. Næringsgrunnlaget (større næringsdyr) blir nok påverka av variasjon i vasstand og den regelmessige tørrelegging av «strandsonen». Det bør ses på mogelegheit for å etablere kulper,

Ullensvang fjellstyre –Sandvikevegen 11-5780 Kinsarvik

Tlf. 482 70 778 epost: ullensvang@fjellstyrene.no

www.hardangervidda-fjellstyra.no



tersklar/eller tilsvarande langs strandsona, som vil ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt ikkje tørrlegge i periodar som er viktige for desse næringsdyra. Fjellstyre ber om at regulanten får pålegg om å gå i dialog med fjellstyre for saman finne løysning og iverksette tiltak som tar sikte på å betre kvaliteten og brukaropplevinga av fisken i Langavatnet. Regulanten må bære eventuelle kostnader knytt til tiltaka.

Tappeluker/tunnel må merkast med skilt på land. Dette for at brukarane skal kunne vite kvar desse er, med tanke på for eksempel garnfiske, aktivitet på isen vinterstid etc.

Det må gjerast tiltak for å betre tilstanden/mogelegheita for gyting/naturlig rekruttering. Det være seg å legge til rette for gyteplassar, legge ut gytegrus, etablera tersklar/opprethalde vasstand i viktige gyteperiodar og i gyteområde slik at egga ikkje blir øydelagt av for eksempel tørrlegging.

Resterande magasin i Tyssovassdraget innafor Ullensvang statsallmenning:

Fjellstyre ber om at regulanten kjøper inn og står for framtidig vedlikehald av båtar til utvalet reguleringsmagasin. Dette for at brukarane skal ha mogelegheit å ta seg fram over magasina, utan å måtte gå rundt heile magasinet. Det er i forbindelse med jakt, fiske og tur behov for å koma seg over eit magasin. Da magasina nå er regulerte, er det begrensa mogelegheit for å krysse på tidlegare mogelege kryssingar. Det bør etablerast tre båtar på magasina Breiavatnet og Håvardsvatnet, samt to båtar på Langavatnet og på Nybuhylen. Det bes om at regulanten får dette som vilkår for å betre/ gjenskape tidlegare kryssingsmogelegheit, etc. ved å ha båtar tilgjengelege.

Videre ber me om tilsvarande tiltak som er spelt inn angående Langavatnet når det gjelder fisk, fiske og fiskekvalitet på alle magasina i Tyssovassdraget.

Tilbakemelding frå brukarane er at fiske er dårleg. Kvaliteten er dårleg. Næringsgrunnlaget (større næringsdyr) blir nok påverka av variasjon i vasstand og den regelmessige tørrlegging av «strandsona». Det bør ses på mogelegheit for å etablere kulpar, tersklar/eller tilsvarande langs strandsona for å ivareta at nokre av større næringsdyr overlever tørrlegging av sona. Eventuelt ikkje tørrlegge i periodar som er viktige for desse næringsdyra bør prioriterast høgt. Fjellstyre meiner regulanten må gå i dialog med fjellstyre for saman finne løysning og iverksette tiltak som tar sikte på å betre kvaliteten og brukaropplevingar av fisken i Tyssovassdraget innafor Ullensvang statsallmenning. Regulanten må bære eventuelle kostnader knytt til tiltaka.



Tappeluker/tunnel må merkast med skilt på land. Dette for at brukarane skal kunne vite kvar desse er, med tanke på for eksempel garnfiske, aktivitet på isen vinterstid etc.

Det må gjerast tiltak for å betre tilstanden/mogelegheita for gyting/naturlig rekruttering. Det være seg å legge til rette for gyteplassar, legge ut gytegrus, tersklar/ oppretthalde vasstand i viktige gyteperiodar og i gyteområde slik at egga ikkje blir øydelagt av for eksempel tørrlegging.

Generelt sett vil ein relativ høg vasstand ivareta fleire av dei negative brukar opplevingane allmuen opplever. Fjellstyre ber om at det setjast vilkår som sikra høg fyllingsgrad i periodar som er viktige for brukarane, fisken, næringsdyra og andre forhold påverka av vasstand.

Vinterstid vil store variasjonar i vasstand kunna føra til usikker is. Det er villrein som går i desse områda vinterstid. Mennesker på tur eller i oppdrag er det også i desse område. Regulering av magasina må skje langsamt og jevnt slik at isen forblir trygg.

Ullensvang fjellstyre vil påpeke at høyringa her tar utgangspunkt i Tyssovassdraget slik det er i dag. Dersom det skulle bli nye oppgradering/utbyggingar i vassdraget som nemnd på folkemøte, men ikkje konkretisert så må ein få mogelegheit til å koma med innspel/høyring på desse sakene og.

Ullensvang fjellstyre

Jarle Rasmussen

Jarle Rasmussen

Styreleiar Ullensvang fjellstyre